



DEN NORSKE KYRKJA

Samnanger sokneråd/Samnanger kyrkjestyre

Haga, 5650 TYSSE

Tlf.: 56 58 63 73 Fax.: 56 58 65 01 E-post: post@samnanger.kyrkja.no Organisasjonsnr: 976 995 147

KYRKJEKONTORET I SAMNANGER

INFORMERER

OM REGLAR FOR

GRAVFERD OG KYRKJEGARD.

KYRKJEGARDSVEDTEKTER FOR SAMNANGER

OG

**UTDRAG AV
GRAVFERDSLOVA OG
FORSKRIFT TIL GRAVFERDSLOVA.**

VEDTEKTER FOR KYRKJEGARDEN I SAMNANGER.

Godkjent av Samnanger sokneråd/kyrkjestyre 21.05.01 og Bjørgvin bispedømeråd 14.06.02.

§1 Rett til gravplass

Alle som bur i kommunen har rett til fri gravplass i bygda. Dette gjeld og om den avlidne på grunn av sjukdom eller alderdom budde i annan kommune då han døydde.

§ 2 Fredningstid og festetid

Fredningstider for kistegraver er 25 år og for urnegraver 20 år.

Festetida er 20 år. Når festetida er ute, kan gravstaden festast for nye 15 år.

Festeavgift kan krevjast inn i kortare tidsbolkar.

§ 3 Feste av grav

Når kistegrav vert teken i bruk, er det høve til å festa ei grav ved sida for næraste slekt/familie. Desse gravene utgjør ein gravstad.

Ved bruk av urnegrav kan ein ikkje festa grav ved sida av.

I deler av eldre gravfelt der det ikkje er nok avstand mellom graver, kan gravfeste ikkje fornyast, men gravminnet kan bli ståande mot betaling av 25 % av festeavgift.

Når det er gått 60 år etter siste gravlegging, kan festet ikkje fornyast utan særskild godkjenning av soknerådet. I god tid før festetida er ute skal festaren varslast. Er festet ikkje fornya innan 6 månadar, fell gravstaden tilbake til kyrkjegarden.

Ingen kan gravleggjast i festa gravstad utan samtykke frå festaren. Dersom festaren sitt samtykke ikkje kan innhentast, kan soknerådet avgjere spørsmålet om gravlegging. Festaren pliktar å melde frå om adresseendring.

§ 4 Grav og gravminne

Kyrkjegardsarbeidarane vil syte for planering og tilsåing av grava etter gravlegging.

Det kan setjast opp eit gravminne på kvar grav. Vidare kan det setjast opp plate eller mindre stein i plantefelt.

Montering av gravminne kan tidlegast finne stad 6 månadar etter gravlegging. Før montering av gravminne vert grava merkt med namnet til den gravlagde.

På ny festa gravstad set ein opp gravminne sentralt i bakkant av den grava som vert teken i bruk.

Gravminnet vert ståande der for godt. Fotografi montert på gravminne må ikkje vere større enn 6 x 6 cm.

Det kan monterast lykt på gravminnet.

Kyrkjegarden er ikkje ansvarleg for skade som skjer ved normal kyrkjegardsdrift.

§ 5 Plantefeltet

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgde med bakken omkring. Det må ikkje vere breiare enn gravminnet, men kan i alle høve vere opp til 60 cm breitt. Det kan ikkje stikke lenger fram enn 60 cm, målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vokstrar som er høgare enn gravminnet eller går ut over plantefeltet. Lause dekorting skal fjernast etter bruk.

Det er heller ikkje høve til å ramme inn grava eller deler av den med hekk eller dautt materiale. Steinfliser rundt plantefeltet er tilletne dersom det fluktar med terrenget rundt.

Dersom det ikkje er aktuelt med plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet.

§ 6 Plantetilfang

Plantar, kransar og liknande tilfang som vert nytta ved gravferd eller pynting av grav og som endar som avfall, skal heilt og fullt kunna komposterast.

§ 7 Stell av grav

Den som er ansvarleg for frigrav eller er gravfestar, har rett og plikt til å stelle den grava han har ansvaret for. Plantefelt som ikkje vert tilplanta og stelt, skal tilsåast av den ansvarlege eller kyrkjegardsarbeidarane. Kyrkjevevja skal, om mogeleg, gje melding om ustelt grav til festar minimum 4 veker før evt. tilsåing av plantefelt.

§ 8 Gravlegat

Mot innbetaling til eit gravlegat vil soknerådet overta ansvar for planting og stell av gravstaden.

Kyrkjevevja forvaltar gravlegatet. Innbetalt sum på gravlegatet med tillegg av renter skal dekke utgiftene til vanleg planting og stell av gravstaden for eit fastsett tidsrom.

Det skal i kvart einskild høve opprettast legatavtale.

Gravlegat kan ikkje opprettast for lengre tidsrom enn frednings- og festetida.

Dersom midlane ikkje strekk til, skal kyrkjevevja gje melding om dette til dei pårørande. Det er då mogeleg å auke legatet slik at det varer tida ut, eller vedlikehaldet sluttar når midlane er brukte opp. Når frednings- eller festetida for eit gravlegat er ute, kan attverande midlar nyttast til vanleg vedlikehald på kyrkjegarden.

Gravlegata vert forvalta i fellesskap, men legatstyraren fører eige rekneskap for kvart legat som vert revidert årleg. Det er høve til å rekne provisjon for administrasjon og revisjon av legatmidlane.

§ 9 Bårerom

Soknerådet disponerer bårerom. Slike rom skal berre nyttast til å ta vare på avlidne i tida fram til gravferda. Ingen har tilgjenge utan etter løyve. Liksyning kan berre gjerast etter samtykke frå den som syter for gravferda og vedkjem elles ikkje dei tilsette.

§ 10 Næringsverksemd

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på kyrkjegarden, skal ha løyve frå soknerådet. Løyve kan tilbakekallast dersom vedkommande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

§ 11 Andre avgjerder

Den som tingar grav eller har pårørande gravlagt, skal få faldar med naudsynte opplysningar om sentrale føresegner og vedtekter for kyrkjegarden i Samnanger.

Lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven). Utdrag.

Jfr. *tidligere* lover 3 mai 1913 om likbrænding og 3 aug 1897 nr. 1 om Kirker og Kirkegaarde.

§ 14. Feste av grav.

Kirkelig fellelsråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i kirkegårdens vedtekter. For feste av grav kan det kreves avgift.

Festerett til grav kan bare innehas av en person.

Festetiden skal ikke være lengre enn 20 år. Et feste kan fornyes dersom graven er holdt i hevd og fornyelse ikke vil vanskeliggjøre en forsvarlig drift av kirkegården.

Kirkelig fellelsråd skal utstede festebrev og anmerke dette i gravregisteret.

§ 15. Festerens rettigheter og plikter.

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikke annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd.

Dersom avdøde hadde festet egen grav, kan den som etter § 9 har rett til å sørge for gravferden, utøve de rettighetene som er nødvendig for å gjennomføre gravferden.

§ 16. Overføring av feste.

Et feste kan ikke overføres uten samtykke fra kirkelig fellelsråd, og det kan ikke overføres mot noen form for vederlag.

Når festeren dør, skal dødsboet gi kirkelig fellelsråd melding om hvem festet ønskes overført til. Ved uenighet treffer fellelsrådet avgjørelse.

§ 17. Tiltak for å forebygge skade.

Kirkelig fellelsråd har rett til å treffe de tiltak vedrørende en festet grav som er nødvendige for å forebygge skade, eller som følger av gjeldende bestemmelser.

Festeren skal om mulig varsles før tiltak settes i verk.

§ 18. Opphør av feste.

Et feste opphører når festetiden er ute.

Når festet opphører, skal festeren om mulig gis anledning til å fjerne gravminne og lignende innretning fra kirkegården. Det som ikke er fjernet fra kirkegården innen seks måneder etter festets opphør, tilfaller kirkegården.

Gravminne av kunstnerisk eller kulturhistorisk verdi skal om mulig bli stående på kirkegården.

§ 19. Regler om fri grav.

Dersom det er en ansvarlig for graven, kan en fri grav forsynes med gravminne i samsvar med gjeldende bestemmelser. Den ansvarlige har plikt til å holde graven i hevd. Bestemmelsene i §§ 17 og 18 gjelder tilsvarende, men slik at den ansvarlige trer i stedet for festeren.

En fri grav kan nyttes til ny gravlegging og festes når fredningstiden er ute.

Forskrift til lov om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven). Utdrag.

Fastsatt av Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet 10. januar 1997 med hjemmel i lov av 7. juni 1996 nr. 32 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (gravferdsloven) § 2, § 4, § 25 og § 26. Endret 11 des 2002 nr. 1672.

§ 16. Fri grav og feste av grav

En fri grav kan ikke belegges med festeavgift i fredningstiden, jfr. gravferdsloven §§ 6 første ledd og 19 siste ledd. Ved gravlegging av askeurne i dette tidsrom, regnes ny fri gravperiode fra siste gravlegging.

Den som er ansvarlig for fri grav skal gis anledning til å feste graven ved fredningstidens utløp.

§ 17. Feste av gravsted

Kistegraver kan festes sammen som ett gravsted. Feste av gravsted kan bare skje i forbindelse med dødsfall. Den graven som tas i bruk først i et gravsted, er fri grav i fredningstiden.

§ 20. Merking av grav

På fri grav som ikke er anonym grav og på festet grav og gravsted kan det plasseres gravminne. Med gravminne forstås minnesmerke med navn og data på den gravlagte. Det skal som regel bare plasseres ett gravminne på hvert gravsted.

Andre minnesmerker enn gravminner kan bare plasseres på kirkegård dersom bispedømmerrådet gir samtykke til det.

Fester av grav eller ansvarlig for fri grav er eier av vedkommende gravminne.

§ 21. Tekst m.m.

Tekst, fotografi, dekor og symbolbruk på gravminne skal være sømmelig, og det navn som settes på skal være identisk med navnet på den som er gravlagt. Personer som er omkommet på havet, i krig eller liknende og som ikke er gravlagt på kirkegård, kan likevel få navnet satt på eksisterende eller nytt gravminne.

Kirkelig fellesråd kan gi tillatelse til at navn på person påføres gravminne på en eksisterende grav et annet sted enn der vedkommende er gravlagt. Navnet må da fjernes fra det opprinnelige gravminnet.

Eieren skal besørge fjerning av gravminne fra grav som ikke festes. Dersom kirkegårdsmyndighetene fjerner gravminne, skal navn og data tas bort.

Endret ved forskrift 11 des 2002 nr. 1672 (i kraft 1 jan 2003).

§ 22. Kvalitet

Til gravminne og fast tilbehør kan bare anvendes materialer som er bestandige og lite vedlikeholdskrevende. Det skal tåle de påkjenninger det utsettes for av klimaet og ved vanlig drift og vedlikehold av kirkegården.

§ 23. Dimensjoner

Gravminne skal ikke være høyere enn 150 cm, bredere enn 85 cm og tykkere enn 60 cm, begrenset slik at største høyde x største bredde x største tykkelse ikke overstiger 0,2 m³ og vekten ikke overstiger 300 kg.

På graver mindre enn 2,4 x 1,2 m skal gravminne ikke være høyere enn 80 cm, bredere enn 75 cm og tykkere enn 60 cm, begrenset slik at største høyde x største bredde x største tykkelse ikke overstiger 0,1 m³ og vekten ikke overstiger 150 kg.

Når særlige grunner tilsier det, kan bispedømmerrådet fravike bestemmelsene i denne paragraf.

§ 24. Sikring

Stående gravminne i stein skal festes til fundament i stein med to 15 cm lange og 12 mm tykke syrefaste bolter.

Fundament skal ha en form og en størrelse som forhindrer at gravminnet kan veltes og skal i bunnen ha en anleggsflate som er dobbelt så bred som gravminnets tykkelse. Gravminne som er mer enn 60 cm høyt skal ha en fundamentdybde som utgjør minst 20% av gravminnets høyde over bakken. Fundament skal ikke være synlig over bakken.

Når særlige grunner tilsier det, kan kirkelig fellesråd skjerpe eller lempe kravene etter denne paragrafen.

Endret ved forskrift 11 des 2002 nr. 1672 (i kraft 1 jan 2003).

§ 25. Godkjenning

Kirkelig fellesråd skal godkjenne gravminne og fundament før det settes opp på kirkegården. Gravminne skal monteres på anvist plass.

§ 26. Ansvar

Eieren er ansvarlig for at gravminne ikke er i forfall, til sjenanse eller til fare for dem som ferdes på kirkegården. Når fellesrådet finner det nødvendig, skal eieren varsles med pålegg om å bringe gravminnet i overensstemmelse med de krav som er stilt i forskrift og vedtekter. Dersom eieren unnlater å etterkomme slikt pålegg eller det er uvisst hvor eieren befinner seg, kan fellesrådet sette i verk tiltak som er nødvendig for å bringe gravminnet i orden, herunder fjerne gravminnet.

Heile gravferdslova med forskrifter er å finna som lenke på: www.kirken.no